



Byggmester Romarheim AS  
Kolåsvegen 122a  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/310 - 19/10986

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
03.04.2019

## Ferdigattest einebustad - gbnr 202/163 Hjelmås

### Administrativt vedtak. Saknr: 195/19

**Tiltakshavar:** Eivind og Elisabeth Skår Ertesvåg  
**Ansvarleg søkjar:** Byggmester Romarheim AS  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 15.03.2018. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 25.03.2019 og supplert 03.04.2019.

### Skildring

Adresse:	Helleåsen 31
Bygningstiltak:	Einebustad
Bygningsnummer:	300678513
Bruksareal:	264m <sup>2</sup>
Avlaup:	Kommunalt
Vatn:	Kommunalt
Tal på røykløp:	1

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for einebustad på gbnr 202/163. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/310

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Byggmester Romarheim AS  
Eivind og Elisabeth Skår Ertesvåg

Kolåsvegen 122a 5955  
Helleneset 57 A 5915

LINDÅS  
HJELMÅS